

**LOKALE OVERORDNA
RETNINGSLINJER FOR
TILSKOTSORDNINGA
«SPESIELLE MILJØTILTAK I
JORDBRUKET» (SMIL)
MODALEN KOMMUNE**

2024-2028





INNHOLD

BAKGRUNN	2
TIDSROM	3
MÅL FOR ORDNINGA.....	3
HOVUDMÅL:	3
DELMÅL:	3
OVERORDNA PLANAR.....	3
KVEN KAN SØKE.....	4
UTFORDRINGAR	4
• AREAL:.....	4
• BIOLOGISK MANGFALD	4
• KULTURMINNE/KULTURMILJØ	4
• ATTGROING OG AVRENNING.....	5
• FRILUFTSLIV/TILGJENGE I LANDSKAPET	5
TEMATISKE PRIORITERINGAR 2024-2028	5
• NYE BØNDER.....	5
• BIOLOGISK MANGFALD	5
• TILTAK MED GOD MILJØEFFEKT.....	5
• TILTAK SOM HINDRAR UTSLEPP TIL LUFT.....	5
• FELLESTILTAK	6
• TILTAK PÅ SVÆRT VERDIFULLE KULTUR- OG BYGNINGSMILJØ.....	6
• RESTAURERING AV SMÅHUS OG BYGGVERK KNYTT TIL SÆRMERKTE DRIFTSFORMER	6
• TILTAK SOM KAN UTLØYSE TILSKOT FRÅ ANDRE ORDNINGAR	6
• TILTAK SOM BIDREG TIL TILGJENGE FOR ALLMENTA/ OPPLEVINGSKVALITET.....	6
RETNINGSGJEVANDE SATSAR FOR BEREKNING AV KOSTNAD	7



BAKGRUNN

SMIL-forskrifta, § 8, seier at kommunen skal fastsetje lokale overordna retningslinjer for prioritering av søknadar. Slike retningslinjer skal utarbeidast i dialog med Statsforvaltaren og næringsorganisasjonane i jordbruket lokalt.

Dei fleste gardane ligg på avsetningar langs elva. Det er god morene/sand som gjev gode og sikre avlingar. Det er flat og lett driven jord som kan gje store avlingar. Det er klima og temperatur for både gras og grønsaker. Talet på bruk er ikkje høgt, men det meste av jorda er i drift. I fjellet er det mange kystbønder som sender sau på beite, men og nokre Modølingar nyttar fjellbeite til både sau, geit og storfe. Dette er ein eldgammal tradisjon og ein god ressursutnytting

NÆRARE OM MODALEN

Om ein kjem reisande til Modalen, er det stor dramatik som møter ein, uansett kva retning ein kjem frå: Kjem ein bilvegen frå Romarheim vert møtet med den ville og steile fjorden ei ”openberring”. Når ein rundar svingen og ser Nøttveit og Mostraumen som grønne lunger og små busettingar i den elles bratte og steile veggen av fjell, gjer det inntrykk. Vidare innover mot Mo er det utsynet til Mo i det fjerne som er viktig – fasaden av sjøhus og grønne bakkar. I det heile er utsynet – at det er fri sikt til den ville naturen viktig.

Kjem ein med båt inn fjorden vert det mektige inntrykket enno meir storslått, men no er det viktig at dei små busettingane og spora etter menneskeleg aktivitet er synleg frå farkosten på fjorden. Dei veglause gardane på begge sider av fjorden må haldast opne om det er mogeleg.

Bilturen frå Dale er sermerkt. Dei smale tunnelane og vegen som slynger seg ut og inn ofte på kanten av stupet, er stor dramatik. Det syner ingeniørkunst av høgt merke. Spor av tidlegare aktivitet og innsyn til dagens aktivitet langs denne vegstrekninga gjer berre inntrykket av dramatik enno større. Når ein kjem gjennom ”Porten” og ut i ”Dalen” er det eit stort sceneskifte som vert viktig å take vare på.

Kjem ein gåande over fjellet frå Sogn eller Voss eller Eksingedalen vert møtet med dalen prega av overgangen frå urørt natur og høgfjell og ned i frodige og busette dalar.

Sjølve Modalen er lang og smal med bratte fjellsider som stuper i fjorden. Sidan ender dei bratte fjellsidene i dalbotnen der dei frodige jordbrukseigedommane ligg. Til sist stig dalen og går over i vidare fjellvidder med frodige beiteområde mellom karrige fjellparti. Strandstaden på Mo er hjarte og sentrum og ligg ”ytst i dalmunningen der dalen møter fjorden”.

I ein strategi for korleis Modalen kommune skal nytte pengane som kjem til særskilte tiltak i kulturlandskapet (SMIL), er det truleg desse karakterdraga i kulturlandskapet, og tiltak som



kan sikre og vidare utvikle desse trekka, ein må ha i tankane. Tiltaka må vere slik at dei som eig gardane og samfunnet rundt finn det interessant og rett å gjere eit stykke arbeid for å ta vare på denne storslåtte kontrasten.

Denne kontrasten er særmerkt og syner tilbake til samspelet mellom menneske/bonden og naturen. Eit samspel som var avgjerande for at folk i det heile kunne vere bufaste i dalen. Dette kulturlandskapet er ein viktig del av stadkjensle og identitet for modølane.

TIDSROM

Tiltaksstrategien skal gjelde frå 2024- 2028. Lokal SMIL strategi gjelder i utgangspunktet for 4 år om gongen

MÅL FOR ORDNINGA

Formålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i jordbrukets kulturlandskap og å redusere forureininga frå jordbruket, ut over det som er venta gjennom vanlig jordbruksdrift. Retningslinjene er ikkje meint å vere omfattande analysar, men kortfatta skissere det som er viktigast i kommunen ut frå måla med tilskotsordninga.

HOVUDMÅL:

SMIL-strategien skal stimulere til å oppretthalde og utvikle eit ope og variert kulturlandskap. Særskilte verdiar i kulturlandskapet skal takast vare på og skjøttast, god agronomi skal fremjast, og ureining og tap av næringsstoff frå jordbruket skal reduserast.

DELMÅL:

1. Eit ope og velstelt kulturlandskap
2. Jordbruksareal i aktiv drift
3. God utnytting av beiteareal
4. Utvalde biologiske og kulturhistoriske verdiar i landskapet blir teke vare på og skjøtta
5. Landbruket er klimavenleg og har lite tap av næringsstoff og klimagassar til luft
6. Eit landbruk som er tilpassa eit endra klima
7. Minst mogleg tap av næringsstoff frå landbruket til vassdrag

OVERORDNA PLANAR

Mål i gjeldande kommuneplan er å sikre ressursgrunnlaget for landbruket og viktige kulturlandskap. I strategisk næringsplan er det eit viktig mål at Modalen skal utvikla berekraftige næringar basert på lokale naturressursar.



Beiting i utmark og tilrettelegging for gardsturisme mellom anna bruk og vern av stølar og turdrag i Stølsheimen er viktige stikkord

- Regionalt miljøprogram for Vestland
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. (SMIL)
- Kommuneplanen
- Kulturminnevernplan for Modalen
- Strategisk næringsplan for Modalen
- Friluftspan for Modalen.
- Naturtypekartlegging for Modalen

KVEN KAN SØKE

Dei som oppfyller vilkåra produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket kan søkja. Om det er leigar av landbrukseigedom som søker, så må eigar gje samtykke til gjennomføring av prosjekt eller tiltak etter denne forskrifta og det må føreligge ein skriftleg avtale mellom eigar og leigar av arealet

Det kan ikkje innvilgast tilskot til prosjekt eller tiltak på landbrukseigedom som eigast og drivast av stat, fylke eller kommune med mindre tiltaket er et fellestiltak der ein eller fleire tilskotsberettiga landbrukseigedommar er med.

Søklar må ha gjødslingsplan eller fritak frå kravet om gjødslingsplan og journal over plantevernmiddele om dette blir brukt, samt kart over eigd og leigd jordbruksareal som føretaket disponerer.

Søknad sendes elektronisk via Altinn. Skjema finn ein på landbruksdirektoratets heimesider. Kommunen fastsetjer søknadsfrist.

UTFORDRINGAR

- **AREAL:** Landbruk er ei biologisk næring, og er heilt avhengig av areal i vid forstand for å kunne fortsette sitt virke. Det er viktig at areala er i drift for å sikre god hevd. Modalen kommune har knapt med innmarksbeiteressursar
- **BIOLOGISK MANGFALD:** Kulturlandskapet er viktig for å ta vare på det biologiske mangfaldet. Kulturmarkene er viktig for den biologiske variasjonen både ved at det her finns mange trua artar og gjennom mangfaldet av vegetasjonstypar dei representerer
- **KULTURMINNE/KULTURMILJØ:** Det er mange kulturminne knytt til landbruket, mellom anna tørrmurar i bygningar, bakkar og steingardar og stølar. Forskriftsendring i 2015 gjer at det ikkje lenger kan gjevast tilskot til freda bygg. Men her finst det andre søknadsordningar ein kan søke på.




- **ATTGROING OG AVRENNING:** Attgroing er eit problem i Modalen. Skogen veks stadig lenger inn mot bøar og beiter, og stengjer for utsikt langs vegar. Ein del plassar er gamle utslåttar og beite i ferd med å gro att og utfordringar for skjøtsel av desse areala er å få dei inngjerda, rydda og teken i bruk til beite att. Når det berre for eit par tiår sidan var det mangdoble dyretalet i dalen er det klart at det var vesentleg større areal som var i bruk til beite den gongen. I dag må ein konsentrera seg om tiltak på dei areala som kan vera aktuelle å driva og der det er mogleg å få dyr på beite att. Vel så viktig for at landskapet skal halde seg ope og vere velstelt er at jordbruksareala er drenerte og godt hevda. I regnfullt klima som her hjå oss, er krevjande å stelle jorda. På sikt vert jordsmonnet surare og tettare, noko som vil favorisere ugras og gjengroing. Tyngre maskiner kombinert med klimaendringar med meir nedbør på ugunstige tidspunkt i vekstsesongen har resultert i omfattande jordpakking. Saman med ofte utrangert drenering, generelt jordsvinn og fuktigare klima – vert dette ein medisin som er lite høveleg for jordbruket hjå oss.
Dette medverkar til at avrenning aukar både frå sjølve gjødslinga, men og fordi plantane vert dårlegare til å ta opp gjødslemne når jorda er i dårleg hevd
- **FRILUFTSLIV/TILGJENGE I LANDSKAPET:** Landbrukets areal kan vere attraktivt både til landbruksverksemd, utbygging av bustadar, anna næringsverksemd, infrastruktur for samfunnet og som grunnlag for friluftsliv. Denne interessemotsetnaden mellom landbruk, friluftsliv og andre samfunnsinteresser kan vere utfordrande og føre til konflikt
I Modalen er dei gamle ferdselsvegane mellom bygdene og til stolar/utmark viktige for friluftslivet i kommunen. Det er gjort ein god jobb med å laga ein samla oversikt over alle gamle ferdselsvegane og mange stader er det skilta og godt synlege stiar. Nokre stader kan det vera interessemotsetnader mellom landbruk og allmenta og det vil difor vera viktig å prioritera konfliktdempande tiltak som sjølvluukkande grunder, gjerdeklyv og eventuelt omlegging av stiar der det er vanskeleg å finna andre løysingar

TEMATISKE PRIORITERINGAR 2024-2028

- **NYE BØNDER.** Det er ynskjeleg at nyetablerte bønder skal verta prioritert dei første åra etter overtaking for det er ofte i denne perioden trongen for midlar er størst. Mange overtek gardar som ikkje har vore i drift på ei stund og då er det ofte naudsynt med store investeringar i landskap og bygningar
- **BIOLOGISK MANGFALD, stell og rydding (herunder også inngjerding) av gamal kulturmark/beitemark med særleg vekt på truga landskapstypar.** Denne særlege satsinga skal ikkje fortrenge søknadar som gjeld innmarksbeite, men er det knappe middel skal ein prioritere truga landskapstypar dersom det kjem slike søknadar
- **TILTAK MED GOD MILJØEFFEKT,** særleg innan forureining, og som kan medverke til å nå måla i vassforskrifta
- **TILTAK SOM HINDRAR UTSLEPP TIL LUFT** som t.d tak over eksisterande gjødsellager



- **FELLESTILTAK** som kan bidra til betre samarbeid og samhandling i grender med felles utfordringar kring miljøverdiar
- **TILTAK PÅ SVÆRT VERDIFULLE KULTUR- OG BYGNINGSMILJØ.** Restaurering og/eller rydding langs tørrmurar herunder bakkemurar, steingardar, torvhus, potetkjellarar, kanalar m.m.
- **RESTAURERING AV SMÅHUS OG BYGGVERK KNYTT TIL SÆRMERKTE DRIFTSFORMER**
- **TILTAK SOM KAN UTLØYSE TILSKOT FRÅ ANDRE ORDNINGAR** som Norsk Kulturminnefond. Fondet er oppretta for å gje tilskot til verneverdige kulturminne og kulturmiljø. Delfinansiering frå SMIL-ordninga kan verke positivt inn på handsaminga av søknadar til fondet
- **TILTAK SOM BIDREG TIL TILGJENGE FOR ALLMENTA/ OPPLEVINGSKVALITET.** Dette kan vere tiltak som stimulerer høve til rekreasjon og friluftsliv i jordbruket sitt kulturlandskap gjennom å leggja til rette for ferdsel til fots og opplevingar. Til dømes rydding og vedlikehald av stiar, eller tiltak som førebygg konflikhtar mellom landbruk og allmenta som sjølvluukkande grindar, gjerdeklyv





RETNINGSGJEVANDE SATSAR FOR BEREKNING AV KOSTNAD

Tiltak	Maksimal tilskotssats (prosent) av godkjent kostnadsoverslag	Retningsgjevande satsar for kostnadsoverslag <i><u>Lista med tiltak er ikkje uttømmande</u></i> Viss du søker om eit tiltak som ikkje er med på lista så vil kommunen vurdere kostnad og tilskotssats ut ifrå opplysningane i søknaden og evt hente inn meir informasjon
Biologisk mangfald	50 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den enskilde sak.
Felles tiltak	50 %	Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den enskilde sak.
Tilrettelegging for allmenta	60 %	Klopp : Inntil 300 kr/m Bru : Inntil 1 600 kr/stk Gjerdeklyv : Inntil 1 500 kr/stk Informasjonstavle : Inntil 1 500 kr/stk Skilt : Inntil 500 kr/stk Rydding/utbetring av sti : Inntil 50 kr/m
Gamal kulturmark	50 %	Restaurering/rydding av gamal kulturmark til innmarksbeite : Inntil 3 000 kr/daa Permanent gjerde : Inntil 140 kr/m Ganggrind : Inntil 750 kr/stk Enkel køyregrind : Inntil 1500 kr/stk Kombinasjonsgrind : Inntil 2000 kr/stk Hesjing : Inntil 50 kr/m, minimum 40 m hesje. Gjerdeteologi/klaver, t.d. Nofence : Inntil 2000 kr/pr klave i kostnadsoverslag, maks tilskot 10 000 kr/ pr. føretak. Tilskot til Nofence kan i særlege høve vurderast i område med kulturlandskapsverdiar t.d kystlynghei, artsrik beitemark med meir, der det ikkje er mogleg eller ønskeleg med permanent gjerde
Kulturminne, kulturmiljø	60 %	Restaurering av tørrmura bygg : Inntil 1000 kr/m2 Rydding av vegetasjon langs steingardar : Inntil 50 kr/m Rydding av vegetasjon rundt tørrmura bygg : Inntil 500 kr/stk Restaurering av steingard : Inntil 1 000 kr/m.



Restaurering av bygningar	50 %	Potetkjellar, gardflorar, kvernhus eller torvhus m. meir. Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde sak.
Utslepp til luft, vatn og erosjonstiltak	50% 35% 50%	Oppattmuring/reperasjon av kanalar: Inntil 1 000 kr/m Lokk på gjødselkum: Maks tilskot 150 000 kr. Viss ein får tilskot frå Innovasjon Norge i tillegg, skal total tilskotsprosent frå begge ordningar ikkje overstige 35% Reinse- og andre hydrotekniske tiltak som hindrar erosjon og ureinng frå landbruket: Vert fastsett etter konkret vurdering frå kommunen i den einskilde sak.

Timesatsar

Manuelt arbeid: 350 kr/time (inkl. Motorsag og liknande.)

Arbeid traktor: 600 kr/time

Arbeid gravemaskin: 800 kr/time

Dersom prosjektet krev innleigd fagkompetanse, t.d. restaurering av kulturminne/kulturmiljø og andre tiltak kan kommunen godkjenne andre satsar for kostnadsoverslag. Dette vil bli vurdert ved handsaminga av søknad om tilskot

